



Bø kommune  
Postboks 83  
3833 BØ I TELEMARK

Dato: 15.01.2020  
Vår ref: 19/03704-3  
Deres ref:

## Fråsegn til varsel om planoppstart og høyring av planprogram for kommuneplanen sin arealdel for Midt-Telemark kommune

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00  
**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)  
**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 7. november 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

### Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, heiter det at Noreg har store mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre at mineralførekomstar som kan vere aktuelle framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn.

Mineraluttak har lang tidshorisont, og det er behov for meir føreseielege rammer for investeringar, uttak og opprydding.

Uttak av byggjeråstoff (pukk, grus, sand) til byggje- og anleggsføremål med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp er viktig. God arealplanlegging kan medverke til det. I tillegg er det viktig å gjenvinne mineralske massar av god kvalitet som byggjeråstoff, der det er mogleg. Det kan redusere presset på bynære grus- og pukkressursar og behovet for massetransport. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere eit nyttig verkemiddel for å avklare dette.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige mineralførekomstar i planane sine og veg utvinning opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Tilgangen til, og lagringa av, byggjeråstoff må sjåast i eit regionalt perspektiv.



## Om planen

Midt-Telemark kommune startar no arbeidet med å lage arealdel av kommuneplanen for den nye kommunen, samstundes leggast forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn. Bø og Sauherad kommunar har til no hatt kvar sine arealdelar, og i tillegg er det ein eigen kommunedelplan for delar av Lifjell i Bø. Med ein ny arealdel for Midt-Telemark kommune, vil ein få ein plan som følgjer opp ny felles samfunnsdel og eit samordna regelsett for heile den nye kommunen.

## Fråsegn til saka

### Mineralressursar i Midt-Telemark kommune

I følgje Noregs geologiske undersøking har den nye kommunen til saman ei rekke førekomstar av grus, og noko pukk. Førekomsten Folkestadmogane er vurdert til å ha regional betydning. I følgje vårt kart som visar bergrettar og uttak<sup>1</sup> finst det fem uttak i drift i Midt-Telemark kommune. Kommunen har òg førekomstar av malmar, industrimineral og naturstein.

### Berekraftig ressursforvaltning

Regjeringa har bestemt at FN's berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid sine største utfordringar, og at det derfor er viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. DMF registrerar at planprogrammet har fokus på klima og berekraft.

Planprogrammet bør vidare leggje til rette for at arealplanen speglar kommunen sitt behov og tilgang til byggeråstoff innan den komande planperioden, då det ofte er økonomisk gunstig og klimavenleg å nytte lokale ressursar med kort transportavstand<sup>2</sup>. Berekraftig forvaltning av mineralressursar inneber òg å sikre tilgang til mineralressursane i framtida, både byggeråstoff og andre mineral. DMF minn om at mineralressursar er ikkje-fornybare ressursar, som berre kan takast ut der dei finst naturleg.

### Verdiskaping og arbeidsplassar

Lokale mineralressursar gjev grunnlag for verdiskaping, arbeidsplassar, og tilgang til byggeråstoff. Synleggjering av mineralressursar i kommunen sine overordna planar saman med konkrete tiltak i kommuneplanen sin arealdel, vil stimulere og gje føreseielege rammer til mineralnæringa. Lokalisering og avgrensing av føremål i samband med råstoffutvinning bør skje i dialog med næringa. Ein slik dialog vil gje kunnskap om marknadsgrunnlag og ofte gje meir detaljert informasjon om ressursane er eigna og kva utbreiing dei har.

### Temaplan for mineralressursar

For å oppnå ei berekraftig og effektiv ressursforvaltning oppmodar DMF om at kommunen utarbeider ein eigen temaplan for mineralressursar.

Ein temaplan for mineralressursar bør innehalde følgjande:

- Alle registrerte mineralførekomstar bør synast i kartet, jfr. NGU sine databasar

---

<sup>1</sup> DMF kart over bergrettar og uttak: <https://minit.dirmin.no/kart/#>

<sup>2</sup> DMF Mineralstatistikk;

[https://dirmin.no/sites/default/files/5106\\_dirmin\\_2018\\_oppslag\\_1809.pdf](https://dirmin.no/sites/default/files/5106_dirmin_2018_oppslag_1809.pdf)



- Planen bør spegle kva type byggeråstoff kommunen treng, i dag og i framtida
- Kartfesting av eksisterande og framtidige område for råstoffutvinning, då dette vil skape føreseielege rammer for mineralnæringa
- Kva mineral kommune (og næringa) ser moglegheit for mtp. etablering av næringsverksemd

Temaplanen vil synleggjere den heilskaplege situasjonen, slik at kommunen har betre kunnskapsgrunnlag for kva førekomstar som skal prioriterast når ulike arealformål skal avklarast. Temakartet vil òg bli eit verktøy for å unngå konflikstar mellom masseuttak og bustader, hytter og andre område kor det er lagt til rette for opphald, som vi har erfart er uheldig å lokalisere i nærleik av masseuttak og/eller gruvedrift på grunn av høve som innsyn, støy, støv og trafikk.

DMF påpeiker at masseuttak i drift uansett bør synleggjerast i arealplanen. Viss ikkje arealformål råstoffutvinning er aktuelt i nær framtid, kan aktuelle område synleggjerast med omsynssone for å hindre at dei blir bygd ned og gjord utilgjengeleg for utvinning i framtida. Ut over dette bør kommunen så langt det er mogleg velje arealformål som ikkje utelukkar framtidig utnytting.

#### Omsynssone for mineralressursar

Rundskriv «Ikrafttredelse av endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova» datert 30. juni 2017, skildrar ny omsynssone for mineralressursar (§ 11-8):

*«Endringen åpner for at kommunene gjennom sin planlegging kan synliggjøre mineralressurser som kan være aktuelle for fremtidig utvinning, og gi retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta denne interessen.*

*Hensikten er å unngå utbygging eller tiltak som kan vanskeliggjøre senere utvinning av mineralske ressurser.»*

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Åshild Grønlien Østmoe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe

Motta karar:

Bø kommune

Postboks 83

3833 BØ I TELEMARK